

Kystsoge vekene 2015

8. august til 13. september

Stiftinga Kystsogevekene



**Stormønstring av kystkultur
i 22 kommunar
på Vestlandet**

**Kystkultur -
tradisjon og utvikling...**



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Velkommen til Kystsogevekene 2015!



Stiftinga Kystsogevekene

Ove Trellevik
Styreleiar

I år blir Kystsogevekene arrangert for 19. gong, og sjølve opninga blir i naturskjønne Tysnes kommune.

Nær 200 ulike arrangement skal no i løpet av dei neste 5-6 vekene prege årets Kystsogeveker. I år er det også friluftslivets år. Eg håpar mykje av aktivitetane i årets Kystsogeveker byr på gode naturopplevingar. Tysnes i seg sjølv har mykje å by på, og regionen vår med 22 kystsogekommunar har ein kyst med øyer, holmar og skjær som inviterer til gode friluftsupplevingar på sjø og land.

Aktiv bruk av vår vakre og lange kystlinje har lange tradisjonar her hos oss, men mangfaldet i kystkulturen vil likevel være sentral under årets Kystsogeveker.

Lokalt engasjement og dugnadsånd i den enkelte kommune gjer at me at har eit rikt kulturliv langs vår flotte kyst. Lokale krefter viser evne til å tenkje nytt samtidig som me tar vare på historia og tradisjonar

Det er såleis nye arrangement, men også kjente – noko for ein kvar smak i år også!

I det flotte programmet vil du sjå at det er ein flott kombinasjon av arrangement som binder den tradisjonsrike kystkulturen saman med dagens moderne levesett i ein moderne kystkommune.

Studer programmet – og delta på arrangementa!

Vel møtt til kjekke Kystsogeveker!

INNHALD

Tysnes	side 6	Øygarden	side 22
Gulen	side 8	Fjell	side 23
Masfjorden	side 9	Sund	side 24
Fedje	side 10	Austevoll	side 25
Austrheim	side 11	Os	side 26
Lindås	side 13	Fusa	side 27
Radøy	side 14	Fitjar	side 28
Meland	side 16	Stord	side 29
Osterøy	side 18	Bømlo	side 30
Bergen	side 19	Sveio	side 32
Askøy	side 21	Kvinnherad	side 33

Program for opningsdagen

11.30 Årbakka Handelstad og Årbakkavollen

Utstillingar, guiding på området og enkel servering. Årbakka er ein klassisk vestlandsk handelsstad, med handelsbu, smie og sjøbu og der kultur frå ei rekke ulike tider samla. Eit av dei mest særmerkte fornminna i Tysnes, på Årbakkavollen, stammar frå jernalderen. Her har vore meir enn 20 gravrøysar og minst 6 bautasteinar. Seglskuta Seladon gjestar Årbakka og Onarheim

13.00 Offisiell opning på Onarheim, Alsaker brygge

Velkommen til Tysnes og Onarheim
v/ ordførar Kjetil Hestad

Velkommen til Kystsogevekene 2015
v/ styreleiar Ove Trellevik

Offisiell opning v/ fiskeridirektør Liv Holmefjord

Kultur- og musikkinnslag

Helsing frå Hordaland fylkeskommune v/
fylkesordførar Tom-Christer Nilsen.

14.00 På Alsaker brygge vert det servering og sal av lokal mat og lokale produkt


Johannes Heggland-utstilling i Onarheim kyrkje.
Salsutstilling i Seløystova *Tysnesvettene i godt lag* strikk v/ Hjørdis J. Heggland og rosemåling v/ Marianna Heggland Brungot.

Guiding og synfaring i nærmiljøet til Seløystova, Onarheim kyrkje og Vossabakken. Friluftslivets år vert markert med tur til Blåbærhaugen for dei som ønskjer det. Båtturar på Onarheimsfjorden.

Frå om lag 1100-talet står Onarheim fram som eit senter for store delar av Hordaland. Her var tingstad, og her vaks etter kvart Olavsgildet fram, truleg med røter i førkristen tid. Namnet Vossabakken vitnar om at også vossingar var med i Onarheimsgildet.

16.00 Framsyning i Onarheim kyrkje

Anna Gyria v/ Johanne Øvstebø Tvedten, Sunnhordland museum, ei forteljing ut ifrå Johannes Heggland sin romankvartett *Brødet frå havet*.



Ferje frå Halhjem 10.10

Mogeleg å parkere på Halhjem for dei som ønskjer busstransport på Tysnes.

Ferje frå Jektevik 10.30

Laurdag 8. august

Offisiell opning av Kystsogevøkene 2015.
Tysnes, Årbakka Handelstad og Årbakkavollen.
Offisiell opning på Onarheim, Alsaker brygge.
Anna Gyria og Tøyet under tøyet, Onarheim.

Havsportveka Austrheim 7. - 16. august

- www.havsportveka.no.

Fitjarfestivalen 6. - 9. august

- www.fitjarfestivalen.no.

Viking- og mellomalderdagar, Lindås, Lygra,
Lyngheiserenteret 7. - 9. august.

Søndag 9. august

Gjest Baardsen, song, segn og sanning,
Masfjorden, Masfjordnes.

Føredrag i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling,
Masfjordnes.

Havsportveka Austrheim - www.havsportveka.no.

Bokkafe og foredrag - Strilekrigen, Lindås, Eknesvågen.

Viking- og mellomalderdagar, Lindås, Lygra,
Lyngheiserenteret.

Jubileumsgudsteneste i Hordabø kyrkje, Radøy
Opning av kystsogevøkene i Radøy, Skageneset
Fitjarfestivalen - www.fitjarfestivalen.no.

Tøyet under tøyet, Tysnes, Breidablikk .

Onsdag 12. august

Ein smak av Austrheim, Mastrevik torg
12. - 16. august - www.einsmakavaustrheim.no.
Tur frå Marås til Kolås, Radøy.

Fredag 14. august

Dajen før dajen Austrheim, Fønneskaien
Kystsogehelga i Bekkjarvik, Austevoll.

Laurdag 15. august

Open dag i Sellevåg treskofabrikk Gulen/Sellevåg.

Fønnesdagen - Dajen dar folk møtes,
Fønneskaien, Austrheim.

Nøtlevågdagen og Bryggjetreff Radøy, Nøtlevåg.

Hellesøydagen Øygarden, Hellesøy.

Hamnedagen og Striladans, Sund, Kleppe.

Opninga av Kystsogedagane i Os, Søre Øyane
og Vedholmen Galleri.

Kystsogehelga i Bekkjarvik og Stolmen, Austevoll
Dansegalla i Tysneshallen, Våge.

Brandasunddagen, Bømlo, Brandasund.

Kystsogevøkeutstilling i Moster Amfi, Bømlo.

Søndag 16. august

Kaidagen! Gulen, Furneset.

DS Øster tur til Gulen.

Føredrag i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling,
Masfjordnes.

Esbjörn Hazelius & Johan Hedin Masfjorden,
Masfjordnes.

Dajen derpå Austrheim, Årvikane.

Bokkafe og foredrag Tradisjonelt tauverksarbeid
Lindås, Eknesvågen.

Kystsogehelga i Bekkjarvik, Austevoll.

Onsdag 19. august

Tur Solheim-Tjorehagen, Radøy

Torsdag 20. august

Padletur frå Rossnes til Lerøy, Radøy - Austrheim.

Fredag 21. august

Kulturvandring gjennom landsbyen i havet -
Revykveld på Holmen Kafe! Fedje.

Periferifestivalen Sund, Glesvær

- www.periferifestivalen.no.

Laurdag 22. august

Kulturvandring gjennom landsbyen i havet, Fedje.

Gjennom Austrheim på sykkel, del II, Mastrevik.

Tur i fiskarbonden sitt rike - Krossøy, Austrheim

Open motorsamling Radøy, Radøyvegen 448.

Seilingens dag Askøy, Kollevåg, Askøy seilsportsenter.

Seilingens dag Bergen, Hjeltestad.

Seilingens dag Fjell, Anglevik, Litle-Sotra.

Langøymarknaden, Langøy i Fjell.

Periferifestivalen Sund, Glesvær

- www.periferifestivalen.no

Kallane i Oladalen Fusa, Sævareid, Breidablikk.

Seilingens dag Tysnes, Våge, Njordstø.

Kystsogedagar i Buavåg Sveio.

Søndag 23. august

Bjørn Westmarsjen Masfjorden, Matre - Stordalen.

Trio Danois Masfjorden, Sandnes kyrkje.

Bokkafe og foredrag Lindås, Eknesvågen.

Langøymarknaden Langøy i Fjell.

Kyststemne i Trellevik, Sund, Trellevik

kystkultursenter.

Johannes Kleppevik minnepris, Trellevik.

Gøy på landet Bergen, Hordamuseet, Stend.

Osbanen - open stasjon på Stend Bergen,

Titlestadvegen 12.

Engevik Anno 1723 Fusa, Engevik Gaard.

Museumdag på Bygdetunet Rød Kvinnherad,

Uskedalen.

Kystsogedagar i Buavåg - Tema: Kultur og

friluftsliv, Sveio.

Måndag 24. august

Valmøte på Havrå - natur og kultur, Osterøy, Havråtunet.

Torsdag 27. august

Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet, Radøy.

Fredag 28. august

Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet, Radøy.
Ivar Medaas - Dar kjem dampen, Lindås, Strilatur.
Barn av det blågrøne landet Lindås, Nedre Eikanger, Galleri Gamleskolen.
Konsert med Nordic Tenors, Kystmuseet i Øygarden, Ovågen.
Kystsogedagar i Langevåg, Bømlo.

Laurdag 29. august

Ivar Medaas - Dar kjem dampen Masfjorden, Fjon grendahus.
Barn av det blågrøne landet Lindås, Nedre Eikanger, Galleri Gamleskolen.
Kystsogedagane i Meland, Holmeknappen.
D/S Oster i rute Meland, Herdla fjorden.
Maritimt foredrag, Meland, Holmeknappen, Galleri Rustica kl 23.
Bergenhusdagene, Bergen, Bergenhus Festning,
- www.bymuseet.no.
Øygardsmila, Rong - www.oygardsmila.no.
Bondens dag Os, Kyrkjeflaten og Os sentrum.
Vervadagane Stord, Sagvåg, Jensaneset.
Kystsogedagane i Langevåg, Bømlo.

Søndag 30. august

Bokkafe og foredrag Lindås, Eknesvågen.
Barn av det blågrøne landet Lindås, Nedre Eikanger, Galleri Gamleskolen.
Fiskekonkurranse Keipane Kystlag, Radøy Sæbøvågen.
Kystsogedagane i Meland, Holmeknappen.
Kystkulturdag på Kystmuseet Øygarden, Ovågen.
Vervadagane Stord, Sagvåg, Jensaneset.
Kystsogedagar i Langevåg, Bømlo.
Familiedag på kaien i Førde, Sveio.

Tysdag 1. september

Tur rundt utmarka på Halland, Radøy.

Onsdag 2. september

Sommarkveld ved fjorden Lindås, Lygra, Lyngheiseretret.
20 år med handarbeidstreff! Osterøy, Gjerstad, Osterøy museum.

Fredag 4. september

Bakekurs på Radøystova Radøy, Sletta.
Barn av det blågrøne landet Lindås, Nedre Eikanger, Galleri Gamleskolen.
Kanaldagane Bømlo, Finnås, Kuleseidkanalen
- www.kanaldagane.no.

Laurdag 5. september

Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum Gulen, Byrknesøy.

Liv i Emigranthusa Sletta, Vestnorsk utvandringssenter, Radøy.
Ope på Kvalheim kulturtun Radøy, Kvalheim.
Barn av det blågrøne landet, Lindås, Nedre Eikanger, Galleri Gamleskolen.
Sandviksdagene Bergen, Sandviksboder.
Kystkultursenter - www.kystkulturbergen.no.
Oselvarfestival Os, Osøyro.
Open dag i Sunnhordlandstunet Stord, Leirvik.
Kystkulturdag på Bergslagen, Kvinnherad, Sunde.
Kanaldagane Bømlo, Finnås, Kuleseidkanalen.

Søndag 6. september

Familiedag i friluftsområdet i Øksnes, Austrheim.
Liv i Emigranthusa Sletta, Vestnorsk utvandringssenter, Radøy.
Bokkafe og foredrag Lindås, Eknesvågen.
Barn av det blågrøne landet, Lindås, Nedre Eikanger, Galleri Gamleskolen.
Aktivitetsdag på Herdla fort, Askøy.
Hanevikdagen Askøy, Hanevik.
Sandviksdagene Bergen, Sandviksboder.
Kystkultursenter - www.kystkulturbergen.no.
Sau og sild... og litt til, Fjell, Kallestad.
Museumsdag på Årskog museum, Fitjar, Årskog.
Kanaldagane Bømlo, Finnås, Kuleseidkanalen.

Onsdag 9. september

Nytt grindabygg! Kvinnherad, Valen.

Torsdag 10. september


Kystkulturkveld på Halsnøy Kloster, Kvinnherad.

Laurdag 12. september

Ivar Medaas - Dar kjem dampen, Austrheim samfunnshus.
Risnesmarknaden Radøy, Rossnes kai.
Tur frå Rossnes, Radøy
Opning av Gjerdet Kulturminnegard, Fjell.
Facebook/dei.paa.gjerdet
Kulturløp på Drange, Tysnes, Drange.
Husflidsmesse i Tysneshallen, Tysnes, Våge.

Søndag 13. september

Open dag i Sellevåg treskofabrikk, Gulen, Sellevåg.
Ope på Nordanger gardsmuseum, Radøy, Nordanger.
Bokkafe og turforedrag, Lindås, Vassel.
Kulturminnedagen - Nabolag Osterøy, Vaksdal, Gullbrå.
Opning av Gjerdet Kulturminnegard, Fjell.
Dei dyrebare vannressursane, Fjell, Kolltveit.
Husflidsmesse i Tysneshallen, Tysnes, Våge.
Leia som historieforteller, marine og maritime, funn frå Tysnes-området, Tysnes, Skorpo.



Fylke: Hordaland
Areal: 255,2 km²
Folketal pr 1.1.15: 2 782
www.tysnes.kommune.no

Tysnes ligg i hjarta av Sunnhordland, og ber med seg det beste av både dei ytre og indre stroka. Blankskura svaberg, fjell- og furuskog, skjergard, stupbratte fjellsider og område med fjelltoppar

på over 750 meter. Gudeøya Tysnes - framtid på historisk grunn er motto for kommune. Njardarlog er det gamle namnet og gudeøya er eit tilnamn som spelar på dette gamle namnet og tilknytning til hav- og grødeguden Njord og til det noverande namnet Tysnes med referansar til guden Tyr. Tysnes er ei mytisk øy med mykje kultur og historie. På Onarheim var det Olavsgilde. visitsunnhordland.no

PROGRAM

Årbakka Handelstad og Årbakkavollen kl 11.30.

Utstillingar, guiding på området og enkel servering.

Årbakka er ein klassisk vestlandsk handelsstad, med handelsbu, smie og sjøbu og der kultur frå ei rekke ulike tider samla. Eit av dei mest særmerkte fornminna i Tysnes, på Årbakkavollen, stammar frå jernalderen. Her har vore meir enn 20 gravrøysar og minst 6 bautasteinar. Marknad til kl 15.30.

Seglskuta Seladon gjestar Årbakka og Onarheim.

Offisiell opning på Onarheim, Alsaker brygge kl 13.

Velkommen til Tysnes og Onarheim v/ordførar Kjetil Hestad.

Velkommen til Kystsogevекene 2015 v/styreleiar Ove Trellevik.

Offisiell opning v/fiskeridirektør Liv Holmefjord Kultur- og musikkinnslag.

Helsing frå Hordaland fylkeskommune v/ fylkesordførar Tom-Christer Nilsen.

Servering og sal av lokal mat og lokale produkt frå kl 14. Johannes Heggland-utstilling i Onarheim kyrkje.

Salsutstilling i Seløystova *Tysnesvettene i godt lag* strikk v/ Hjørdis J. Heggland og rosemåling v/ Marianna Heggland Brungot.

Guiding og synfaring i nærmiljøet til Seløystova, Onarheim kyrkje og Vossabakken.

Friluftslivets år vert markert med tur til Blåbærhaugen for dei som ønskjer det. Båtturar på Onarheimsfjorden.

Frå om lag 1100-talet står Onarheim fram som eit senter for store delar av Hordaland. Her var tingstad, og her vaks etter kvart Olavsgildet fram, truleg med røter i førkristen tid. Namnet Vossabakken vitnar om at også vossingar var med i Onarheimsildet.

Anna Gyria i Onarheim kulturkyrkje

Laurdag 8. august kl 16.

Johanne Øvstebø Tvedten frå Sunnhordland museum med forteljeforestilling om *Anna Gyria* frå Johannes Heggland sin romankvartett *Brød frå havet*.

Tøyet under tøyet. Gammalt undertøy frå Sunnhordland

Laurdag 8. og søndag 9. august kl 12 - 17.

Galleriet på Breidablikk (Dokkegalleriet) v/Tysnes kyrkje. Utstillinga vil visa eit mangfald av særleg kvinners undertøy før og etter 1900. Eit par av dei utstilte underskjørta er funne i ein gammal husvegg på Tysnes! Britt Kjellesvik Rage har spesialisert seg på dokker i folkedrakter, og har arbeidd mykje med gjenopptaking av gamle drakttadisjonar og hatt utstillingar, halde foredrag og skrive artiklar om eldre draktmateriale. I samband med utstillinga vil ein også kunna sjå delar av Britt sin produksjon. Arr.: Britt Kjellesvik Rage

Dansegalla i Tysneshallen

Våge, laurdag 15. august kl 20.

Tysnes musikklag arrangerer i år for tiande gang på rad dansegalla i Tysneshallen. Årets band er Bris og Contrazt. Bubilcamp med straum. Bar med øl, vin og mineralvatn. Dersom svolten kjem blir det råd med ein hot dog. Gjestehamn i Våge. Arr. Tysnes musikklag.

Seilingens dag

Våge/Njordstø, laurdag 22. august.

Siglarlaget Njord/Tysnes inviterer folk til å få innsikt i den store naturopplevinga og rekreasjonen det er å segle og nyte friluftslivet på sjøen. Meir informasjon på Facebook og www.hordaland-seilkrets.no.

Kulturløp på Drange

Drange, laurdag 12. september kl 12 - 17
Kulturløp på Drange har ein av dei største autentiske gardssamlingane i Sunnhordland. De vil få innblikk i alle dei gamle arbeidsredskapa dei brukte på gardane på Tysnes frå ca. 1850 og fram til 1950 og seinare. Arr. Kari og Helge Drange.

Husflidsmesse i Tysneshallen

Laurdag 12. september kl 11-15.30, Søndag 13. september kl 12-15.30 Arr. Tysnes husflidslag.

Leia som historieforteller, marine og maritime funn frå Tysnes-området

Skorpo skule, søndag 13. september kl 15.

Arlid Marøy Hansen frå Bergen sjøfartsmuseum vil vise nokre resultat frå dei siste 20 års undersøkingar i og rundt Tysnes, og i leia rundt om øya. Vidare vil han vise kva ein kan få ut av kart, opplysingar og seilastilvisingar frå Vestlandet. Han kan også ta med meir generelle døme på marine kulturminne slik at folk kan ta på dei, og lære litt om marine kulturminne og kva dei kan fortelje oss. Arr. Tysnes sogelag.

Kystkultur -
tradisjon og utvikling



Adm. senter: Eivindvik
Fylke: Sogn og Fjordane
Areal: 596 km²
Folketal pr 1.1.15: 2 335
www.gulen.kommune.no

Heilt sørvest i Sogn og Fjordane ligg Gulen som eit bruhovud til Hordaland. Kontrastane er store, frå dei ytste av om lag 1500 øyar,

holmar og skjer i vest og inn til dei frodige landbruksbygdene mellom dei ville fjella i aust, mot Stølsheimen. Innbyggjarane er jamt fordelte kring skulekrinsane Byrknes, Brekke, Dalsøyra og Eivindvik.
www.fjordkysten.no.

PROGRAM

Kaidagen!

Furneset, søndag 16. august kl 12.

På kaien vert det rekebord, kiosk, tombola, salsboder mm. Det vert og ulike aktiviteter for ungane langs kaikanten. Veteranbåten Oster kjem innom på sin årlige passasjertur gjennom Gulen. Dei kjem frå Askelandsvåg via Fønnes, med passasjerar. Arr. Brandangersund samfunnshus

DS Oster på tur frå Fønnes

Rutetider: Frå Askelandsvåg kl 08.30, Fønnes kl 11.00, Furnes kl 12.00-14.00. Gjennom Kvigesundet, Eivindvik hamn, Skjerjehamn og Mjømna, til Fønnes kl 16.45.

Buss mot Knarvik/Bergen frå Fønnes kl 17.26
Info om seglingsplanen på oster.no

Open dag i Sellevåg treskogfabrikk

Sellevåg, laurdag 15. august kl 13-16 og søndag 13. september kl 13-16.

Fra 2012 har fabrikkene vore på Riksantikvarens liste over freda teknisk-industrielle kulturminner. Fabrikkene fortel ei historie om ei anna tid, med eit produkt som bokstaveleg tala fekk bein å gå på. Fabrikkene er intakt, med demning, rørgate, maskiner og reimer. Det vert omvising med demonstrasjon av treskoproduksjon og dei ulike vassdrivne treskomaskinene i drift. Filmframsyning om treskofabrikkene. Høve til å leige familiekanoe for dei som ønskjer å padle i Sellevågsvatnet. Sal av kaffi og noko å bite. Inngangsbillett: Barn gratis, vaksne kr 50,-. Arr. Sellevåg treskofabrikk, www.123hjemmeside.no/treskofabrikk

Sesongavslutning Gulen fiskarbondemuseum

Byrknesøy, laurdag 5. september kl 14 -17

Sesongavslutning då dette er siste faste dagen med ope museum. Det blir da omvising og servering av kaffi og kaker samt trekking av årets loddok. Søndagopen frå juni til 6. september.



Adm. senter: Masfjordnes

Fylke: Hordaland

Areal: 558 km²

Folketal pr 1.1.15: 1 704

www.masfjorden.kommune.no

Masfjordnaturen er vekslende. Frå dei nakne skjera utmed Fensfjorden til det sundrivne fjellandskapet tusen meter over havet. Er du båtmenneske, kan

du vera for deg sjølv i et avgymt sund utanfor Risnes. Fjellturisten skal gå lenge før han går lei. Stordalsområdet har eit fint fjellterreng både sommar og vinter. Vasskraft og havbruk er dei viktigaste næringsvegane i i kommunen. Vasskrafta er berebjelken i heile Masfjordsamfunnet. Reiseliv sjå www.visitnordhordland.no.

PROGRAM

Gjest Baardsen, song, segn og sanning

Masfjordnes/Kvamsdals fargerier.

Søndag 9. august kl 19.30.

Linda Røyseth Sandhåland (song), Agnar Sagstad (forteljing), Leif Johnsen (opplesing). Viser, opplesing og forteljing om Gjest Baardsen. Arr. Sommarscena.

Foredrag i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling

Masfjordnes, søndag 9. august kl 18.

Kulturminnegranskar Arne Høyland og fotograf Hans Kr. Bukholm. Arr. Sommarscena.

Foredrag i Masfjorden båt- og sjøbrukssamling

Masfjordnes, søndag 16. august kl 18.

Arne Høyland og fotograf Hans Kr. Bukholm. Arr. Sommarscena

Esbjörn Hazelius & Johan Hedin

Masfjordnes, søndag 16. august kl 19.30.

Sommarmusikk med uslitelege tema, kjærleik og død. hazeliushedin.com. Arr. Sommarscena.

Bjørn Westmarsjen

Matre – Stordalen, søndag 23. august.

Lang eller kort rute. Den lange løypa tek ca 5-6 timar. kl 14.30 Konsert ved Fjellstova, Gudsteneste kl 15.15 Minnemarkeringa kl 16. Sjå bjornwest.no


Trio Danois

Sandnes kyrkje, søndag 23. august kl 19.30.

Ivar Medaas - Dar kjem dampen

Fjon Grendahus, laurdag 29. august kl 19.30.

Ivar Medaas si reise frå fjøs til scene, tilbake til tida då kaia og krambua var viktige møteplassar for menneska i utkanten. Claus Sellevoll, Aage Vaksdal, Annlaug Børsheim og Olav Stedje. Arr. Sommarscen.



Fylke: Hordaland
Areal: 9,4 km²
Folketal pr 1.1.15: 563
www.fedje.kommune.no

Landsbyen i havet

Fedje kommune ligg lengst nordvest i Hordaland, og er den vestlegaste kommunen i Noreg. Kommunen består av hovudøya Fedje og 125

mindre øyar, holmar og skjer. Storm, sjøgang og strie regnelingar er kvardagskost for oss som bur her, men opplevingar for dei som kjem hit. Så - uventa og velkomne - tørkar sola skyene bort. Vinden tagnar og så ligg Fedje der med alle sine holmar og skjer bada i det store lyset. Ingen stader er himmelen så stor som over ei øy i havet. www.visitnordhordland.no.

PROGRAM

Kulturvandring gjennom Landsbyen i havet

Fredag 21. august, kl 20

Revykveld på Holmen Kafe!

Fedje teaterlag viser utdrag frå revyen *Kjerringane mot straumen* og andre gamle slagarar. Billettsal i døra. Arr. Fedje teaterlag og Holmen Kafe.

Laurdag 22. august

D/S Oster (Dampen) kl 11

ligg ved kaia på Fryseriet. Kom om bord!

Teaterstykket Hallo, Hallo, kl 13

I det sosiale rommet i fleirbrukshallen. Teaterframsyning som suser gjennom fleire tiår! Frå det elleville 20-talet med Charleston og lykkerus, herlige låtar, forelskelse og komedie, til den vanskelige krigen og tida etter, før rocken gjer sitt inntog på 50-talet og det heile ender i eit kaffeslabberas med gode, gamle viser - og

kanskje nokre overraskingar på vegen? Regi: Fredrik Longva Med: Kristine Nordby Simonsen og Beate Bednar. Arr: Fedje kommune med stønad frå den kulturelle spaserstokken. Bill: 100,- kr.

Open Trafikksentral, kl 14-15.30

Open dag i Kystverket sin Trafikksentral.

Bedehusbasar, kl 16

Tradisjonell basar i Bedehuset. Arr: Fedje Indremisjon.

Revykveld på Holmen Kafe, kl 20.

Fedje teaterlag viser utdrag frå revyen *Kjerringane mot straumen* og andre gamle slagarar. Billettsal i døra. Arrangørar er Fedje teaterlag og Holmen Kafe.

Atterhald om endringar, sjå www.fedje.kommune.no.



Adm. senter: Sætre
Fylke: Hordaland
Areal: 57,4 km²
Folketal pr 1.1.15: 2 856
www.austrheim.kommune.no

Austrheim kommune ligg nordvest i Hordaland. På ein tur gjennom kystlandskapet ser ein mange spor etter utviklinga som har gått føre seg i kyststroka i Sør-Noreg, frå jakt og fangst for 5000-6000 år sidan til oljeforedling i vår eiga tid.

PROGRAM

Havsportveka 2015

Austrheim, Nordhordland og Bergen
7. - 16. august.

Havsportveka arranges for 7. gang. Havsportveka samlar havsportinteresserte frå heile Norge og tilbyr aktivitetar både for nybegynnarar, erfarne og konkurranseutøvarar. Her er på organiserte kurs, aktivitetar og konkurransar. Havsportveka er også ei sosial arena både på dagtid og kveldstid. Kveldsarrangement i Kjelstraumen.

Nytt: Triatlon BKK Havtri.
Sjå www.havsportveka.no
Arr: Havsportlauget.

Ein smak av Austrheim

Mastrevik torg 12. - 16. august.

Nordhordland næringshage, Austrheim kommune, næringslivet i kommunesentrum og Kystlandsbyen arrangerer sentrumsfestivalen *Ein smak av Austrheim*. Festivalteilt med arrangement, marknadsplass med kunsthåndverk og lokalprodusert mat på Mastrevik torg. Kurs innan både kaffi, te, øl og vin, og aktivitetar for born og unge. Bubilparkering. www.einsmakavaustrheim.no.

Dajen før dajen

Fonneskaaien Fredag 14. august
kl 20.00 - 22.30.

Visekveld med Olav Stedje og Nakkasleng. Båtskyss til Kjelstraumen etter visekvelden (50,- per pers)

Fonnesdajen - Dajen dar folk møtes

Fonneskaaien, laurdag 15. august kl 12 - 16.

Opning av born på Kaland barnehage. Nakkasleng, Hitra sitt shantikor *Navy Vocalis* og konferansier Knut Risnes.

Veteranbåten Oster kjem. Veteranbuss, brannbil og brannbåt. Jan Åge Storheim og Tempoklubben kjem. Nyrestaurerte kutteral! Fiskedam, spikking av trebåtar, teiknekrok og høve til å klappe eit lam. Redningsस्कøyta Utvær har med seg Eliasbåten. Utstilling av fiskereiskapar, demonstrasjon og prøvekyøring av gamle SAAB-motorar. Kafe. NB! Ikkje parker langs vegen.

Dajen derpå

Årvikane Søndag 16. august 11 - 17.

Familedag i Årvikane med havsport, grilling og gudsteneste. Sjekk Havsportveka for aktivitetar. Fyll korga med grillmat – varme grillar frå 15. Klokka 16.30 Gudsteneste i det fri.

Gjennom Austrheim på sykkel, del II

Mastrevik, laurdag 22. august kl 10.

Oppmøte Mastrevik kai. Turen går via kommunesentrum, via Leikvoll og Solend til Hopland. Stopp ved Austrheim Kyrkje som er 150 år i år. Ein kjapp tur til Austrheim kai, turen vidare utover Øyanevegen til Krossøy, med høve til å kjøpe fiskesuppe *I fiskarbondens rike* som er ein del av Kystsogevekene. Historiske orienteringar undervegs. Arr: Folkehelsekoordinator m fl.

Tur i fiskarbonden sitt rike

Krossøy, laurdag 22. august kl 14.

Oppmøte på snuplassen på Krossøy. Guida tur i vakkert øylandskap til Storhaugen 32,5 m med karttavle og utsikt, freda naustmiljø, gardsmuseum, smie, fjøs, restaurert jordkjellar

m.m. Turen passar for alle! Følg gjerne også turstien heilt ut til Gavlen. Sal av mat i naustet. Arr. Krossøy Grendalag

Familedag i friluftsområdet i Øksnes

Søndag 6. september kl 14

Familedag i Øksneset på den nasjonale *Kom deg ut dagen*. Test havsportaktivitetar, grilling, bading, leik og moro. Arr: Austrheim kommune saman med Velforeninga i Dyrnes, Rebnord og Øksnes, Austrheim ungdomsklubb og BOF.

Ivar Medaas - Dar kjem dampen

Austrheim samfunnshus.

Fredag 12. september kl 19.

I kabareten Dar kjem dampen følgjer vi den folkekjære visesongaren Ivar Medaas si reise frå fjøs til scene. Vi blir tekne tilbake til tida då kaia og krambua var viktige møteplassar for menneska i utkanten. Frodige karakterar og det typiske kystlynnnet blir framstilt med respekt og kjærleik plassert i eit miljø og ein kultur som er i ferd med å forsvinne. Med Claus Sellevoll, Aage Vaksdal, Annlaug Børshem og Olav Stedje.

Kystkultur -
tradisjon og utvikling



Adm. senter: Knarvik
Fylke: Hordaland
Areal: 475,9 km²
Folketal pr 1.1.15: 15 402
www.lindas.kommune.no

Der draumar blir røyndom - Lindås er den største kommunen i Nordhordland, med regionsenteret

Knarvik som naturleg knutepunkt. Det som var lyngmark for 40 år sidan, er i dag ein moderne bygdeby på nordsida av Nordhordlandsbrua. Lindås er ein fjord- og kystkommune med vakker natur frå fjord til fjell. Ta ei skogsvandring i den nordlegaste bøkeskogen i verda, opplev lyngheiane og det opne, vakre kystlandskapet. www.visitnordhordland.no.

PROGRAM

Viking- og mellomalderdagar

Lygra/Lyngheisenteret 7. - 9. august 2015.

Marknad, smiing, veving, utstillingar, vikingleikar, historieforteljing, skald mm. Arr. Nordhordland Frie Vikinger (NHFV) og Lyngheisenteret på Lygra.

Bokkafe kl 14 og foredrag. Eknesvågen.

Søndag 9. august kl 15. **Strilekrigen** v/professor Kenneth Bratland.

Søndag 16. august kl 15. **Tradisjonelt tauverksarbeid.** Innføring i knutar v/ Kaspar Hansen.

Søndag 23. august kl 15 **Immaterielt kulturvern, eksperimentell arkeologi og skrivekunst** v/forfattar Liv Alver.

Søndag 30. august kl 15 **Hosanger - kommunen som forsvann** v/lærer Arnfinn Hellevang.

Søndag 6. september kl 15 **Nokre minne frå min barndom og oppvekst** på Eknes v/pensjonist Berge Eknes.

Søndag 13. september kl 11 **Tur rundt Esevatnet med kjentmann** (ca 5 km). Turstart ved Lindås

skulemuseum på Vassel. Vegvisar Leiv Eidsnes. Vel tilbake er museet ope med kafe.

Barn av det blågrøne landet

Nedre Eikanger / Galleri Gamleskulen.

Kunstutstilling i den gamle skulestova frå 1889, salsutstilling og kafe. Ope fred 28.08, 04.09 kl 16-19 og laur 29.08, 05.09 og søn 30.08, 06.09 kl 12-16.

Sommarkveld ved fjorden

Lygra/ Lyngheisenteret Onsdag 2. september kl 17.30. Natur og kultur på Lyngheisenteret. Foredrag Geir Vetti. Tur på Lyngheiane. Konsert Måltrastena. Korteist mat. Kr. 350,- Arr: KnarvikMila, Nordhordland Turlag og Musikkens Venner Nordhordlan.

Ivar Medaas - Dar kjem dampen

Strilatun Fredag 28. august.

Kabaret om Ivar Medaas si reise frå fjøs til scene, tilbake til tida då kaia og krambua var viktige møteplassar for menneska i utkanten. Med Claus Sellevoll, Aage Vaksdal, Annlaug Børnheim og Olav Stedje.



Adm. senter: Manger
Fylke: Hordaland
Areal: 110 km²
Folketal pr 1.1.15: 5 014
www.radoy.kommune.no

Radøy med tilnamnet *Den grønne øya* syner til den vakre og frodige naturen i kommunen

fordelt på 269 øyar holmar og skjer. Radøy ligg sentralt i Nordhordland, 4 mil nord for Bergen. Kommunen er eit eldorado for friluftinteresserte. Her kan du spasera på stiar tvers over øya i vakkert kulturlandskap. Du kan fiska i innlandsvatn og på dei mange gode fiskeplassane i sjøen.
www.radoy.kommune.no/reiseliv

PROGRAM

Jubileumsgudsteneste i Hordabø kyrkje

Hordabø, søndag 9. august kl 11.

5. august er det 140 år sidan Hordabø kyrkje vart vigsla. Radøy sokn markerer dette med ei jubileumsgudsteneste. Kyrjekaffi ute etter gudstenesta om veret tillet.

Opning av kystsogevekene i Radøy

Skageneset søndag 9. august kl 14 -17.

Opninga av kystsogevekene i Radøy er i år lagt til friluftsområdet i Skageneset, og er del av Friluftslivets år og 70-årsmarkeing sidan krigen var slutt. I Skageneset vert det aktivitetar for heile familien som t.d. rebusløype, høve til å prøva å ro, bade, og noko å bita i. kl 14: Guida tur til Skageneset frå Manger med Odd Matre og Jon Askeland som turleiurar. Høve for båttransport frå Birkelandsvågen. NB: Ikkje parkering ved Birkelandsvågen.

Tur frå Marås til Kolås

Marås Onsdag 12. august kl 18.

Frammøte og parkering ved Marås grendahus.

Turleiur: Harald Åge Sætre.

Arr.: Nordhordland turlag.

Nøtlevågdagen

Nøtlevåg, laurdag 15. august kl 13 -17.

Familedag i Nøtlevågen med offisiell gjenopning av ishuset, og aktivitetar som hesteriding, natursti, styltlegåing, kafé, utstilling og bruktbutikk. Bryggjetreff kl 20 -01 Dans og musikk på kaien.

Tur Solheim-Tjorehagen

Solheim Onsdag 19. august kl 18.

Turen frå Solheim til utsiktspunkt over Austesund, deretter Tjorehagen. Retur gangvegen. Tid 2 timar (pluss evt rusletur i Tjorehagen). Frammøte og parkering på fotballbana på Solheim. Turleiur: Jon Askeland. Arr.: Radøy kommune.

Padletur frå Rossnes til Lerøy i Austrheim

Rossnes Torsdag 20. august kl 18.

Frammøte og parkering på Rossnes kai. Du må ha eigen kajakk. Turleiur: Svein Jørgen Hvidsten. Arr.: Nordhordland turlag

Open motorsamling

Radøyvegen 448 (Kalneset) laurdag 22. aug kl 11 -16.

Radøy motorsamling held ope, og Guttorm Storheim viser fram den store samlinga med over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt. Servering av kaffi og vaflar. Gratis inngang.

Kvardagliv i 1850 - Skuleklasse på Bogatunet Boga.

Onsdag 26. august kl 10-13

Torsdag 27. august kl 15 -18

Fredag 28. august kl 09 -12

Ein skuleklasse frå Manger er på Bogatunet og levandegjer korleis familiar levde på 1850-talet. Elevane er kledd opp i gamaldagse klede og lagar tradisjonskost. Eldre menneske og tradisjonsberarar synar og fortel elevane dei tradisjonelle gjeremåla. Oppegget på Bogatunet er eit samarbeid Manger skule og Radøy sogelag.

Fiskekonkurranse hjå Keipane Kystlag

Keipane Kystlag i Sæbøvågen Søndag 30. august kl 12.30 -15.30.

Fiske med stang eller snøre frå båt eller frå land. Keipane kystlag har nokre båtar til låns. Fiskekort kan kjøpast på Slippen fra kl 12. Startkontingent: Kr 50,- Familie kr 100,-. Premier for mest, minst (under 12 år) og størst fisk. Veking kl 16.00. Premieutdeling kl 16.15. Arr.: Keipane kystlag.

Tur rundt utmarka på Halland

Halland Tysdag 1. september kl 18.

Olav Kolstad og Frode Hervik tar oss med på tur gjennom flott kulturlandskap i utmarka på Radøy. Orientering om stemma og kvernhuset, jernvinneanlegg og andre kulturminne. Oppmøte og parkering ved Marås grendahus. Arr Radøy kommune

Bakekurs på Radøystova

Sletta fredag 4. september kl 17-21 og laurdag 5. september kl 10-17.

Arve Gjellesvik inviterer til bakekurs der ein lærer å baka på gamlemåten med bl. anna surdeig. Fredag teori om råvarer, opplæring i baketeknikkar og ein byrjar på deigen og lagar ein pizza. Laurdag gjer ein ferdig degiane, og steiker brød, rundstykker og bollar. Pris kr 1600 kroner, kurs inkl kurshefte, bakevarer og mat. Påmelding fire dagar før kursstart. Info/påmelding tlf. 909 33 703, arvegj@start.no.

Ope på Kvalheim kulturtun

Kvalheim, laurdag 5. september kl 12-16.

Kvalheim kulturtun er ope. Besøk smia og sjå utstillingar om andre verdskrig. Utstillinga *De dro mot vest* handlar om 20 ungdomar som i 1941 dro med skøyta Njord frå Radøy til Shetland for å melde seg til innsats i dei norske styrkane i England. Tidlegare BT-journalist Øivind Ask har laga utstillinga. Sal av kaffi og vaflar. Arr.: Kulturtunet på Kvalheim .

Liv i Emigranthusa

Sletta, Vestnorsk utvandringssenter, laurdag 5. september og søndag 6. september kl 12-15.

Aktivitetar i emigrantlandsbyen for heile familien! Kulturløype, Gullgraving, lassokasting, utkleddning, og mykje anna. Sjå www.muho.no.

Risnesmarknaden

Rossnes kai, laurdag 12. september kl 13-16.

Båttur til fiskeoppdrett. Salsboder med kortreiste varer. Elias-båten kjem. Hesteskokasting og luftgeværskyting. Levande musikk, og sal av mat. *Alle samlast på kaien*. Parkering på Villanger. Veteranbuss går i skytteltrafikk frå Villanger. Arr. Risneskrinsen grendalag.

Tur frå Rossnes kl 16

I friluftslivets år avsluttar me Risnesmarknaden med ein fottur. Turen går sørover frå Rossnes, til Vågsbotn og vidare til Villanger og Rossnes. Turleiar er Leiv Jordal. Arr.: Risnes grendalag.

Ope på Nordanger gardsmuseum

Nordanger, søndag 13. september kl 12-15.

Den gamle skulen på Nordanger var i bruk som skule fram til 1912. Den er no innreidd som museum med samlingar av ulike gamle gjenstandar frå skular og bygdelivet. Denne dagen er det høve til å koma og sjå skulehuset og samlingane. Inngang kr 20.

Tur på gamle skulevegen

Frå Nordanger til Valderneset kl 15.

Gerd Dalseng tar oss med på tur på den gamle skulevegen som borna i Valderneset nytta for å koma seg på skule på Nordanger. Arr.: Radøy kommune.



Adm. senter: Frekhaug
Fylke: Hordaland
Areal: 90,4 km²
Folketal pr 1.1.15: 7 736
www.meland.kommune.no

Eit samfunn for alle. Meland kommune med kring 7400 innbyggjarar, er inngangsdøra til Nordhordland. Nordhordlandsbrua har gjort øykommunen Meland landfast med Bergen. Reisetida frå Bergen sentrum til

kommunesenteret på Frekhaug er knappe 30 minutt. Ein tur over frodige Holsnøy, den største øya i kommunen, viser eit innhaldsrikt kulturlandskap med mange spor etter historia; steinhus, bakkemurar, sjøbruksmiljø og setegardar for kondisjonerte byborgarar. Meland har mange flotte turområde som høver både for dei som vil gå langt og bratt og dei som vil ferdast langs kysten. www.visitnordhordland.no.

PROGRAM

Kystsogedagane i Meland

Holmeknappen Laurdag 29. august kl 11 – 16.

Marknad på Holmeknappen:

Sal/ utstilling av kunst/handverksprodukt, utstilling av gamle kjørey og tradisjonsbåtar. Aktivitetar for barn og unge. Sal av tradisjonsmat som fisk, sild, lefser med meir. Open kafé med middag og kaffimat.

Kl 12.00 Offisiell opning av Kystsogedagane ved ordførar Nils Marton Aadland.

Kl 12.15 Konsert med Hjelmås mannskor – Evert Taube program

Allsang på Knappen med show v/Cato Jensen. Underhaldning frå scene. Musikalske innslag frå lokale aktørar.

D/S Oster og M/S Vestgar ligg ved kai, opne for omvisning. Ca kl 13.30 håper vi på besøk av Hurtigruta.

Holmestova:

Open for omvisning. Utstilling: *Strikking i Meland* v/Anne-Grete Eide med fleire.

Sjøbua:

Open for omvisning. Utstilling: Kristi Skintveit – Båtrøy – utstilling og foredrag.

Galleri Rustica:

Utstillingar: Kjell Stokken *Tau fortel* og Atle Ove Martinussen: *I djupe er det ei anna verd*.

Knappen Handleri:

Open med eit rikhaldig vareutval.

Foredrag om Strilekrigen ved strilekrigentusiast Svein Eide, tidspunkt kjem.

D/S Oster i rute

Herdlafjorden kl 18 - 23.

D/S Oster går tur frå Holmeknappen til fjorten gamle stoppestader i Herdla fjorden etter ei båtrute frå 1934. Rekebord, musikk og servering om bord.

Billetter kr 350,- kan tingast på:
tlf 97686875 / 97176469

Maritimt foredrag

Holmeknappen/Galleri Rustica Laurdag 29. august kl 23.

Maritimt foredrag i Galleri Rustica når Oster kjem att frå fjordtur ca kl 23.

Kystsogedagane i Meland

Holmeknappen, søndag 30. august kl 09 - 16.

Marknad og aktivitetar på Holmeknappen og veteranbåtane ligg ved kai.

Utstillingar og ope i Holmestova, Sjøbua, Galleri Rustica og Knappen Handleri.

Kl 09 Frukost i kafételtet.

Kl 11 Friluftsgudsteneste på Holmeknappen kai.

Kl 12 Prisutdelingar.

Kl 12.15 Konsert med Heimalanne`
www.heimalanne.no.

Kl 13.30 Kanskje kjem Hurtigruta?

Underhaldning med Meland Musikklag og andre lokale artistar.

Foredrag om Strilekrigen ved strilekrigentusiast Svein Eide.

Detaljert program kjem i august.

Arr: Arbeidsgruppa for kystsogedagane i Meland.

**Kystkultur -
tradisjon og utvikling**



Adm. senter: Lonevåg
Fylke: Hordaland
Areal: 274,6 km²
Folketal pr 1.1.15: 7 842
www.osteroy.kommune.no

Utvikling - Samhald - Livskvalitet

Osterøy, er den store innlandsøya ligg omkransa

av Osterfjorden, Veafjorden og Sørfjorden.

På Osterøy finn du eineståande lagsliv, småindustri og rike handverkstradisjonar. Jordbruket er også viktig som næringsveg.

Ein rundtur på Osterøy gjev høve til å oppleva eit spennande kulturlandskap. Fjell og dalar opnar for varierte naturopplevingar og aktivitetar.

PROGRAM

Utstillingar i Galleri Mjøsvangen

Kystsogevekene 8. august - 13. september.

Richard Devereux: Bilder eigen teknikk. Richard Devereux er frå Storbritannia og bileta hans fått stor merksemd og arbeida hans finns i ei rekke private, nasjonale og internasjonale samlingar.

Gunvor Rasmussen: Trykk. Gunvor er en illustratør og jobbar ut frå sitt galleri og studio på Bryggen i Bergen. Hun har illustrert fleire barnebøker, teikna for Bergens Tidende, og gitt ut boken *Champagnepiker*. Illustrasjonane hennar er laga i blekk og akvarell, og hun er ikkje redd for å utlevare seg sjølv og ha det moro med stereotyper.

Janne Olsen: Utstilling i kafeen. Janne Olsen har budd på Hamre i fleire år, ho er hobbyfotograf og ulike landskap er favorittmotiva.

For andre aktivitetar i Mjøsvangen
www.gallerimjosvagen.no.

Utstillingar på Osterøy museum

Gjerstad. Ut i det fri! Utstilling i samband med Friluftsåret 2015, Ei husmannstove frå Rolland,

Maleriutstilling av Mari Wiik. meir informasjon på www.muho.no/osteroy-museum.

Valmøte på Havrå - natur og kultur

Havråtunet Måndag 24. august.

Osterøy museum har invitert politikarar til valmøte om natur og kultur - i samarbeid med Havrå.

20 år med handarbeidstreff!

Gjerstad/ Osterøy museum Onsdag 2. september kl 12.

Osterøy museum feirar 20 år med handarbeidstreff, med festtale, song og god mat!

Kulturminnedagen - Nabolag

Gullbrå, søndag 13. september kl 13.

Me vitjar me nabolaget i Eksingedalen - nærare bestemt Gullbrå. Omvising og vandreturar. Frammøte på Gullbrå kl 13. Ta med niste!

Nabolagstur langs Vedåfjorden

Nabolagstur langs Vedåfjorden til dei veglause gardane, meir informasjon kjem. Sjå www.muho.no/osteroy-museum.

Bergen



Adm. senter: Bergen
Fylke: Hordaland
Areal: 465,4 km²
Folketal pr 1.1.15: 275 112
www.bergen.kommune.no

Bergen fekk bystatus av Olav Kyrre i 1070.
Tørrfiskeri var basisen for handelen og byen sin framvekst. Bergen er framleis ein viktig hamneby

i Noreg, med cruiseskip, lasteskip og som hamn for fiskeflåten ved dårleg ver. Eit av Håkonarspela, Håkon Adalsteinfostre av Johannes Heggland, har si handling frå Håkonshella, kor Håkon både vart fødd og døydd. I Kulturbýåret 2000 vart dei fire spela om Håkon den Gode vist som ei heile på Bergenhus Festning, då vart også Kystsogeveke 2000 opna offisielt i Bergen. Reiseliv sjå www.visitbergen.com

PROGRAM

Seilingens dag

Hjellestad Laurdag 22. august.

Hjellestad Seilforening inviterer folk til å få innsikt i den store naturopplevinga og rekreasjonen det er å segle og nyte friluftslivet på sjøen. Meir info www.hordaland-seilkrets.no.

Gøy på landet

Hordamuseet/Stend, søndag 23. august kl 11-16.

Kle deg opp i gamaldagse klede om du vil, og bli med på ei reise tilbake i tid.

I samarbeid med Museet Stend Stasjon, blir det høve til å køyre veteranbuss til og frå Stend. På Hordamuseet kan du møte smeden, landhandlaren, skulelæraren, handverkaren og delta i fleire aktivitetar knytt til livet på landet før i tida. Ved båtlaget Fanaforfjorden Tradisjonssegling får ein høve til å ro i færing, seksæring og segle med råsegl og sprisegl. Leik på skuleplassen, hopp i høyet, smi krabbefangar, lær ulike båtknutar og prøv båtsauming. Lag hoppetau

på reperbane og snorer med slyngestokk ved Hordaland Husflidslag. Fiskesuppe og nysteikte fiskekaker i kafeen i landhandelen.

I samband med Hordamuseet si utstilling *Byskit* blir det omvising i utstillinga, Byskitrebus for born, tips om kompostering og idéar for gjenbruk.

Kurs i å lage minikiper fra kl 11-17. Kurset kostar 600,-. Meir info. og påmelding innan 1. august. Kontakt kipebindar Samson Øvstebø sams00e@online.no tlf. 90040623. Sjå www.bymuseet.no

Osbanen - open stasjon på Stend

Titlestadvegen 12, søndag 23. august kl 11 - 15.

Stend stasjon får besøk av Bergen Veteranvogn Klubb med 10-12 veteranbiler frå perioden 1925-65. I samarbeid med Hordamuseet har vi hyret en veteranbuss som vil gå i rute mellom Birkelandsskiftet, via Lagunen terminal og Stend (til Hordamuseet og Stend stasjon).

Osbanens Venner har utstilling i venterommet, kafe og souvenirsalg.

Osbanen - open stasjon på Stend

Titlestadvegen 12 Kvar søndag i august kl 11 - 15.

www.osbanen.no/obv

Bergenhusdagene

Bergenhus Festning laurdag 29. august og søndag 30. august kl 12-16 begge dagar.

Bergenhusdagene formidlar middelalderens Bergen og Bergenhus, og er det største middelalderarrangementet i Hordaland. Hovudmålgruppa er barn og barnefamilier, og arrangementet gir høve til å lære og la seg underholde gjennom aktiviteter som fokuserer på middelalderen. Stort og allsidig program: pil og bueskyting, hoffskole, sverdskampskole, middelalderverksted, steking av middealderbrød, trebuchetskyting, omvisingar og konsertar. Middelaldermarked, der man får kjøpt alt det hjertet kan begjære.

Billetter:

Vaksne kr 80 (kr 50 med BTKort).

Born kr 50 (kr 30 med BTKort).

www.bymuseet.no

www.facebook.com/bergenhusdagene

Arr: Bymuseet i Bergen, Statsbygg Vest, Kommandantskapet på Bergenhus og Nasjonale Festningsverk.

Sandviksdagene

Sandviksboder Kystkultursenter laurdag 5. september og søndag 6. september kl 11-16 begge dagar.

I år er det 8. året dagene arrangerast med aktiviteter over heile Sandviken, med kystkultursenteret som den største enkeltaktør. Alle lag/organisasjonar i senteret vil være aktive deltakarar.

Norges Fiskerimuseum er også ope med nye, flotte utstillingar.

Båtturer på Byfjorden. Fisketurer. Sprellende liv i fiskekummen. Vikingskip. Gullgraving for dei minste. Kaféer. Åpen smie. Gamle båtmotorar. Filmvising. Utlån av robåtar. Kajakkpadling. Repslagning. Brørvikskuto. Eliasbåten. Kulturelle innslag. Arr: Institusjoner, museer, lag og foreninger i Sandviken.

Koordinator er: Sandviksboder Kystkultursenter og Bymuseet i Bergen.

www.kystkulturbergen.no

Kystkultur -
tradisjon og utvikling



Adm. senter: Kleppestø
Fylke: Hordaland
Areal: 100,5 km²
Folketal pr 1.1.15: 27 858
www.askoy.kommune.no

Askøy vart knytt til fastlandet med Askøybrua

som vart opna i 1992. Avstanden mellom det kommunale administrasjonssenteret i kommunen, Kleppestø på søre Askøy til Bergen sentrum er 14 km og avstanden frå Kleppestø til Herdla heilt nord er 28 km.
www.kysteventyret.no

PROGRAM

Seilingens dag

Kollevåg/Askøy seilsportsenter. Laurdag 22. august.

Askøy Seilforening inviterer folk til å få innsikt i den store naturopplevinga og rekreasjonen det er å segle og nyte friluftslivet på sjøen.
 Sjø www.hordaland-seilkrets.no

Aktivitetsdag på Herdla fort

Herdla fort søndag 6. september kl 10-15.

Aktivitetar for heile familien: natursti, vikingleik, zip-line, utemat, disk-golf, akvarium, flyutstilling, skattejakt, ringmerking, kanonsalutt m.m.
 Terrensløpet *Trolljeger-junior*.
 påmelding: www.trolljeger.no

Opning av lysløype og markering av friluftsåret 2015. Træet skulemusikkorps spelar.

Arr. Askøy turlag, Askøy kommune, Herdla museum, Askøy vikinglag, Fenring vikinglag, Herdla sokneråd

Hanevikdagen

Hanevik søndag 6. september kl 12-17.

For sjette år på rad arrangerer vi Hanevikdagen. Tema er *Lek og spill og mere til...* Kafe, underhaldning, salsboder, og mykje meir.

Velkommen til Hanevik kai - ta gjerne på klær fra *gamle dager*. Arrangør: Hanevik velforening.



Adm. senter: Rong
Fylke: Hordaland
Areal: 66,6 km²
Folketal pr 1.1.15: 4 733
www.oygarden.kommune.no

-Brubbyggjaren

Ei rekkje øyar, holmar og skjer utgjer Øygarden; heile 500 ved fjære sjø. Etter at ein fekk ferjefritt samband har kommunen vore i ei rivande og utfordrande brytningstid kjenneteikna mellom

anna ved jamn og stor folkeauke og mange nye etableringar innan næringslivet. Dei viktigaste næringsvegane er knytte til sjøen. I dag er kommunen leiane innan havbruk og fiskeoppdrett. Frå sjøen kjem også olje og gass til industrianlegg som gjev kommunen stor utvikling og viktige arbeidsplassar. Regionen har og gode vilkår for friluftsliv, fiske og sjøsport.
www.kysteventyret.no

PROGRAM

Hellesøydagen

Hellesøy, laurdag 15. august

Familiearrangement med ulike aktivitetar for store og små. Stor marknad med sal av lokal mat, kunst og handverk, open kafe og grilling.
www.visithellesoy.no

Konsert med Nordic Tenors

Fredag 28. august kl 19, Ovågen / Kystmuseet.
www.museumvest.no,

Øygardsmila

Laurdag 29.august.

www.oygardsmila.no

Kystkulturdag

Søndag 31. august

Mange aktiviteter på museet, underholdning for barn, film og mattilbud. Mer informasjon på Kystmuseet.Museumvest.no Kystmuseet i samarbeid med Øygarden kommune og Øygarden Sogelag.



Adm. senter: Straume

Fylke: Hordaland

Areal: 148,1 km²

Folketal pr 1.1.15: 24 427

www.fjell.kommune.no

Fjell kommune grensar til Sund, i aust til Bergen, i nord til Øygarden og i vest til storhavet. Kommunen er fordelt på nordre delen av Sotra,

Litle-Sotra, Bildøyna og om lag 270 større og mindre øyer og holmar. Folketalet har vorte meir enn tredobla i løpet av 35 år. Side om side med folkeauken har kommunen utvikla seg til eit moderne samfunn med gode kommunikasjonar og eit rikt tenestetilbod. Overalt i kommunen har du lett tilgong til rike natur- og kulturopplevingar. www.kysteventyret.no

PROGRAM

Seilingens dag

Anglevik/ Litle-Sotra, laurdag 22. august.

RAN Seilforening inviterer folk til å få innsikt i den store naturopplevinga og rekreasjonen det er å segle og nyte friluftslivet på sjøen. Meir info www.hordaland-seilkrets.no

Langøymarknaden

Langøy i Fjell, laurdag 22. august og søndag 23. august kl 12-17.

Fjell Kystlag vil ha med seg gamle båtar som vil fortelle litt om korleis det var å være fiskarbonden på Sotra. Gratis utlån av robåtar, joller, kanoar og fiskeutstyr. Gratis minikonserter. Barna vil kunne bygge sine egne lekebåtar for bruk i fjæra. Kramkarer/kjerringar vil presentere og selge varer. Sal av middagsrettar, smårettar, nystekte bollar- vaflar- svele, kaffe, brus, og alkoholfritt øl. God gammeldags markedsstemning! Arr. Fjell Kystlag m fl.

Sau og sild ... og litt til

Kallestad, søndag 6. september kl 12 - 14.30. Sau og sild... og litt til: Frå kulturbeitet ved Kallestad til kastevågen på Kjereidet. Fjell turlag og Fjell kommune har sett fokus på kulturminne og kulturmiljø, og lagar guida turar. Turguide Bjarne Tingvoll. Oppmøte ved Kallestad grendahus.

Opning av Gjerdet Kulturminnegard

Laurdag 12. og søndag 13. september.

Her blir det og feiring av Husflidens dag. Sjå meir på [Facebook.com/dei.paa.gjerdet](https://www.facebook.com/dei.paa.gjerdet)

Dei dyrebare vannressursane

Kolltveit, søndag 13. september kl 11- 13.30.

Dei dyrebare vannressursane: Etableringa og framveksten av industristaden på Kolltveit. Fjell turlag og Fjell kommune har sett fokus på kulturminne og kulturmiljø, og lagar guida turar. Turguide Inge Kolltveit. Oppmøte på Kolltveit ved sin parkeringsplass, ved krysset av Espedalsvegen.



Adm. senter: Skogsvåg
Fylke: Hordaland
Areal: 99,7 km²
Folketal pr 1.1.15: 6 752
www.sund.kommune.no

Livet ved havet. Verdikommunen Sund ligg sør på Sotra og har ein praktfull natur mot kysten og havet. Lokale natur- og kulturopplevingar og kulturhistoriske verdier er fokus for Sund

kommune. Det vert elles lagt vekt på trygge bumiljø, gode oppvekstvilkår og aktiv medverknad i ein desentralisert krinsstruktur. Sund satsar på levande nærmiljø med god livskvalitet. Kommunen er og aktiv med i samarbeidsprosjekt i regionen og i internasjonalt kulturarbeid. Barn og unge har hovudfokus i arbeidet med vern, vekst og utvikling.
www.kysteventyret.no

PROGRAM

Hamnedagen

Kleppesjøen Laurdag 15. august.

Familedag med fokus på den kystkulturen. Konkurransar, historieforteljing, musikk og aktivitetar for unge og vaksne. 9.30 - 10.00. Påmelding fiskekonkurranse. Kl 10 - 12 Fiske i indre hamn. Kl 10 - 13 Fiske frå båt og land. kl 12 - 17 Marknad.

Aktivitetar for barn - heile dagen. Hesteriding. Kl 13 - 16 Elias. Sotratrampen i Kulturnaustet. kl 14 Historieforteljing - Historiar frå Kleppesjøen. kl 15 Sigrd Marte Kleppevik fortel om faren, Johannes Kleppevik. kl 16 - 17 Konsert med Vivian Steinsland med band.

Striladans for medlem av Kleppe Grendalag med vener.

Periferifestivalen

21. - 22. august.

Periferifestivalen for deg som vil oppleva god musikk i eit unikt festivalmiljø. I havgapet sørvest på Sotra ligg Glesvær, det perifere sentrum for Periferifestivalen. Bygda, havet og naustmiljøet

gjev stemning og atmosfære - der havsus møter populærmusikk. Konsertane ved utescena i sjøkanten ved den gamle handelstaden, i eit naust, på eit svaberg, frå ein båt. periferifestivalen.no.

Kyststemne i Trellevik

Trellevik kystkultursenter, søndag 23. august.

Kl 11 Gudstjeneste ved Prostiprest Godtfred Haugland.

Kl 12 - 15.30 Familedag med aktivitetar. Eliasbåten-Kajakkpadling - kanopadlin - optimistjoller. Turløype. Lykkehjul - utlodding. Kafeen opner i Skjenkestova. Oselvarseglekonkurranse.

Kl 13 Kulturprogram i Trelleviknaustet. Toradergjeng. Knut Joachim Pedersen syng Kleppeviksanger.

Utdeling av **Johannes Kleppevik minnepris**

Allsang. **Inger Lise Skarstein** foredrar om Kulturarven - Vern gjennom bruk. Premieutdeling seglkonkuransen, trekking av utloddingar.



Adm. senter: Storebø
Fylke: Hordaland
Areal: 117,2 km²
Folketal pr 1.1.15: 5 012
www.austevoll.kommune.no

Austevoll - ut mot hav

Austevoll er den største fiskerikommunene i

Norge med stor aktivitet innanfor den havgåande fiskeri. Kommunen har totalt 667 øyar, holmar og skjer. Austevoll er knytt i saman av ei mengd bruer, og då den nyaste er brua mellom Huftarøy og Hundvåkøy vart opna i 2007, vart 97 prosent av austevollingane knytte saman med vegsamband.

PROGRAM

Kystsogehelg i Bekkjarvik

14.- 16. august.

Kystsogehelga i Bekkjarvik & Kvalvåg har vore arrangert i ei årrekke og har etablert seg som eit stort kulturarrangement i dei tradisjonsrike gamle kremmerleiene. Med dette arrangementet ønskjer vi å presentere historia vår her ved kysten; med underholdning, aktivitetar og marknad som skal representere vår kultur, og sjølsagt blir det mykje fokus på sjømat!

Fredag 14. august

Winemakers Dinner på Bekkjarvik Gjestgiveri.

Laurdag 15. august

kl 10 Torgdag på kaien, lokal mat & håndverk
kl 12 Offisiell opning av Kystsogehelga i Bekkjarvik
kl 13 Fiskekonkurranse for barna
kl 15 Den store ronkonkurransen - Edel
kappestrid mellom øyane!

I Hengjo om kvelden: Sjøforsvarets Musikkorps m/gjestar.

Midnattskonsert Stolmen kyrkje med Rein Alexander.

Søndag 16. august

Utegudsteneste i Bekkjarvik Gjestehavn kl 12

Søndagsope: Bekkjarvik Torg 12-16

Seilingens dag

Storebø/Atalanta Båthavn.

Laurdag 22. august.

Austevoll Seilforening inviterer folk til å få innsikt i den store naturopplevinga og rekreasjonen det er å segle og nyte friluftslivet på sjøen.

Meir informasjon kjem på:

www.hordaland-seilkrets.no.



Adm. senter: Osøyri
Fylke: Hordaland
Areal: 139,8 km²
Folketal pr 1.1.15: 19 097
<https://oskommune.no>

Det ligg ei bygd mellom fjordar og fjell...
Os ligg veg Bjørnefjorden, der kyst- og

fjordlandskapet møtest. Os kommune er nærast granne til Bergen, og her bur det over 17 000 menneske. Osøyro er strandstaden som har vakse til ein moderne bygdeby. Os kommune har ein båt under ei stor rose og ni stjerner i kommunemerket. Det symboliserar dei to handverka bygda er mest kjend for, rosemåling og båtbygging.

PROGRAM

Opninga av Kystsogedagane i Os

Søre Øyane. Laurdag 15. august.

Tradisjonen tru vert opninga av Kystsogedagane i Os markert i Søre Øyane. Det vert fiskekonkurranse, sal av mat, loddsal, underhaldning m.m. på kaien v/ Bunnpris.

Utstillingsopning Vedholmen Galleri Os Inspirerer

Søre Øyane, Vedholmen Galleri.
Laurdag 15. august kl 14.

Foto, maleri, tekstil, keramikk og skulptur. Vedholmen Galleri viser ei kollektiv salsutstilling av 12 kunstnarar med tilhøyre til Os Kommune, med tittelen Os Inspirerer. Utstillinga står t.o.m. søndag 27. september

Minikonsert med saxofonisten Marius Neset ved opninga kl 14

Bondens dag

Kyrkjeflaten og Os sentrum. Laurdag 29. august.

Marknad, torghandel og aktivitetar for vaksne og born på Kyrkjeflaten og i Os sentrum.

Oselvarfestival

Osøyro, laurdag 5. september kl 10 -14.

Aktivitetar for born og vaksne i området Oselvarvekstaden-Oselvarnaustet. Det vert utstillarar, mykje song og musikk, og ikkje minst; kapproing i Oselvar!



Adm. senter: Eikelandssosen
Fylke: Hordaland
Areal: 378,8 km²
Folketal pr 1.1.15: 3 838
www.fusa.kommune.no

Fusa - midt i blinken! Fusa ligg i det frodige og opne fjordlandskapet i Midthordland. Kommunen har ei lang kystline på ca 198 km

med mange holmar og skjær og næringsvegane har vore prega av kystkulturen. Tidlegare var Fusa stor på produksjon av tretønner for fiskeria. I dag er fiskeoppdrett ein viktig leveveg. På kultursida er Fusa prega av at ein har mange livskraftige bygder og grender med trygge oppvekstmiljø og mykje organisert aktivitet, særleg for barn. www.visitfusa.no.

PROGRAM

Kallane i Oladalen

Sævareid/Breidablikk. Laurdag 22. august kl 17 og 20.

Sævareidfjorden ungdomslag si teatergruppe med stykket Kallane i Oladalen laga av Sigurd Lybeck, kjend for teikneserien om Jens von Bustenskjold. Komeden er ein klassikar frå 1938 og har tidlegare vore spelt på Breidablikk med stor suksess.

Inngang kr 200,- (kr 100,- for skuleborn).

Førehandsal: Spar Fusa, Tønnekafeen i Fjord'n senter, Joker Revnestrand og P.H. Haugen i Sævareid.

Pubkveld etter skodespelet på Breidablikk

Engevik Anno 1723

Engevik Gaard, søndag 23. august kl 12 - 17.

Kystsogedag på Engevik gaard med livet på 1700-talet som den raude tråden. Den tidlegare militære sjefsgarden Engevik gaard er ei perfekt ramme for ei lokal tidsreise, og kanskje får du møta Anno-Enok som general Segelcke?

Sjå og opplev handverk, folkedrakter, leikar og ikkje minst båtar med røter tilbake til 1700-talet,

her kjem både smed, bøkkar og båtbyggjar. Sjø oldermann Jostein Gangstø i full sving. Hålandsdal folkedraktsaum presenterer lokal draktskikk som går tilbake til 18- og 1700-talet. I eldhuset vert det baking over open eld på stor takke. Serveringa i tunet på 1700-tals manér. Høve til å kjøpa seg både middag og kaffimat.

Borna sitt Anno med leikar og aktivitetar, eiga avdeling med husdyr som høyrde heime på den gamle garden – anno 1723.

Torgdag

Torghandel med lokale handverksprodukt, utstilling av kunst og sal av frukt, grønt, bakarvarer og lokal sjokolade! Levande musikk frå lokale talent.

Kåseri

Baard Olav Skogrand frå Bymuseet i Bergen kåserer om Dagleglivet på 1700-talet, han var med i Anno-episoden frå lyststaden Frydenlund.

Programmet vert avslutta med utdeling av Anders Kåre Engevik sin kulturvernpris for 2015.



Adm. senter: Fitjar

Fylke: Hordaland

Areal: 142,8 km²

Folketal pr 1.1.15: 3 093

www.fitjar.kommune.no

Det nære øyriket

Fitjar er kjend som sogebygda i Sunnhordland

og Håkon den Gode var sterkt knytt til Fitjar, og Håkonarspelet Kongen med gullhjelm har vorte sett opp her med jamne mellomrom. Det første Kystsogevekene vart i 1997 offisielt opna på Fitjar med urframføringa av Håkonarspelet. www.visitsunnhordland.no.

PROGRAM

Fitjarfestivalen

6. - 9. august.

Program både for små og store festivaldeltakarar. Til dømes den årvisse fiskefestivalen, program og aktivitetar for dei minste, ungdomsdiskotek, konsertar og dans.

Festivalen si bodgate vil innehalde blant anna både lokalprodusert handarbeid og kunst samt kortreiste matvarer frå distriktet rundt Fitjar.

Følg med på www.fitjarfestivalen.no

Museumsdag på Årskog museum

Årskog, søndag 6. september kl 13-17.

Tema for dagen er korgfletting, i samband med *Viva Basket!*-utstillinga vår, og EØS-prosjektet vi har delteke i saman med Polen dei to siste åra. Det blir høve til å fletta seg korgar eller anna i pil, og sjå når flettarar frå Sunnhordland splittar brakegreiner og flettar kiper. Aktivitetar for store og små. Arr. Fitjar kulturkontor og Sunnhordland Museum



Adm. senter: Leirvik
Fylke: Hordaland
Areal: 143,6 km²
Folketal pr 1.1.15: 18 685
www.stord.kommune.no

Stord er einaste byen i Sunnhordland og senter for regionen. Her er knutepunkt for kommunikasjonane innan og til og frå Sunnhordland. Ved sida av landbrukstradisjonane

har Stord utvikla seg til å bli Noregs største industrikommune med 5000 tilsette i offshorerelatert industri, skulesenter og eit breitt spekter av serviceverksemdar. Kvar du enn er i kommunen har du stranda og høgjellet innan kort avstand. Stord har eit rikt planteliv og variert berggrunn. Kristtorn som veks villig og fritt, er motiv i kommunevåpenet www.visitsunnhordland.no.

PROGRAM

Vervadagane

Sagvåg/Jensaneset 29. august og 30. august.

Laurdag 29. august. Verven opnar kl 10.

Skipsarbeid, tradisjonabåtar med kaien, smed i smio, saging på oppgangssaga. Omvisingar. Maritime kunstarbeid vert seld frå bodar. Måleriustilling og Utstilling av skipshalvmodellar og trebåtar. Konsert ved Sagvåg Musikklag. Kafe i Ragabuo, butikken er open med sal av snop, bollar og brød.

Vervagudsteneste

Søndag 30. august. Jensaneset/ Verven kl 11.

Gudsteneste etterfulgt av kyrkjekaffi i Raugabuo

Open dag i Sunnhordlandstunet

Leirvik, laurdag 5. september kl 11-15.

Tema for dagen er korgfletting, i samband med *Viva Basket!*-utstillinga, og EØS-prosjektet museet har delteke i saman med Polen dei to siste åra. Det blir høve til å fletta seg korgar eller anna i pil, og sjå når flettarar frå Sunnhordland splittar brakegreiner og flettar kiper.

Stord Husflidlag serverer i kafeen, og det blir aktivitetar og underhaldning for store og små. Aktivitetar for store og små, forteljestund for dei minste, lefsebaking mm.

www.sunnhordland.museum.no



Adm. senter: Svortland
Fylke: Hordaland
Areal: 246,3 km²
Folketal pr 1.1.15: 11 761
www.bomlo.kommune.no

Bømlo er Sunnhordland sitt yttste vern mot eit storhav i vest som gjev arbeide og kvile, sorg og glede til menneska som bur på dei 1000

øyane som kommunen er sett saman av. Folket har til alle tider vore knytt til sjøen. I dag er det skipsfart, fiske, fiskeoppdrett og høgteknologiske verksemdar knytt til det maritime miljøet som pregar næringslivet. Øyriket er eit eldorado for båtfolk og fritidsfiskarar, og for kulturinteresserte som søker opplevingar tufta på gamle og rike tradisjonar. www.visitsunnhordland.no.

PROGRAM

Brandasunddagen

Brandasund, laurdag 15. august kl 10-17.

På den gamle Handelplassen vert det arrangert Brandasundsdag med torghandel, loppemarked, bevertning, trekkspillmusikk, kystkulturaktiviteter. Fabrikkløftet pub/kafe har ope frå kl 12. Arr. Johnsen landhandel, Øyvinds Treprodukter, Naustvika Ullverkstad.

Kystsovekeutstilling i Moster Amfi

Laurdag 15. august kl 12.

Ragnar Blickfeldt Haug er ein allsidig kunstnar, både er musikal, tekstforfattar og biletkunstnar. Ragnar Haug brenn for musikken og er ein fremragande biletkunstnar der både natur og kjente nordmenn er festa til hans lerret. Han malar også ein del motiv frå kystkulturen. Utstillinga står til 27. september

Kystsogedagane i Langevåg

Fredag 28. august

kl 20 - 01 Lubbesild og sjømat buffet.

Revy V/Flo sjø & Pub . Sjømat, taffelmusikk, revy og allstang. Pubkveld m/trubaduren Jon Anders

Laurdag 29. august

Kl 09.30 Frukost i kafeen. Kl 10.45 Opning. Rokonkurranse. Magne Eidesvik som konferansier. Påmelding til jermund.skaar@haugnett.no. Messe med fokus på mat og Kystkultur. MS Gå På har open båt. Karneval med dukkevogn og to/trehjulssykkelparade for dei minste. Kassebilløp. Auksjon. Utdeling av Bygdeprisen og premiering

Revy og dans

Kl 20 Dørene opnar

Kl 21 Show med Klypa

Kl 23 Dans med Never mind

Søndag 30. august

Vandring på den gamle kirkestien. Gudstjeneste på Kirkebakken ved gamle kirka

Kl 18 Gratis kino & pizza for ungdom
aldersgruppa 11 – 18 år. Påmelding
post@bygdatunet.no

Kanaldagane

Finnås/Kuleseidkanalen 4. – 6. september.

Kanaldagane vart starta i 2002 som ein del av Kystsogeveke - og eldsjeler i bygda slo seg saman for å laga ei maritim messe som skulle femna vidt i Sunnhordland. Målsetjinga er å fremja gammal og moderne kystkultur langs kysten vår. Kanaldagane er blitt ein folkefest, området rundt Kuleseidkanalen eit marknadsområde med mange ulike utstillarar og alle slag god underhaldning.
www.kanaldagane.no

Kanaldagane - Fredag kl 17 - 20

Korpset speler Kl 17 30: Opning v/Geir Aga, nyansatt Rådmann i Bømlo. Det vert barnediskotek og foredrag.

Kl 20 00-21 00: Messeområdet stengjer.

Kanaldagane - Laurdag kl 11 - 20

Foredrag: Nils Kolle: Sunnhordland og silda. Underhaldning for barn og unge, innslag med revy og kor.

Kl 14 30: Storm Weather Shanty Choir.

Kl 17 30: Lindesnes Trekkspelklubb.

Kl 20 00: Messeområdet stengjer

Kanaldagane - Søndag 11 – 17

kl 11 Friluftsgudstjeneste.

Kl 11.45 Messeområdet opnar.

Kl 12 30: Leirvik Mannskor: Kysten Rundt.

**Kystkultur -
tradisjon og utvikling**



Fylke: Hordaland

Areal: 245,7 km²

Folketal pr 1.1.15: 5 509

www.sveio.kommune.no

Sveio - midt i leio. Halvøya Sveio, lengst sør i

Hordaland ligg sentralt ved seglingsleia langs kysten. Fløkavarden, seinare Ryvarden, har vore seglingsmerke i over 1100 år, og folket i Sveio har hatt sjøen både som matfat og arbeidsplass. www.visitsunnhordland.no.

PROGRAM

Kystsogedagar i Buavåg

Laurdag 22. august kl 20

Konsert med gruppa Embla.

Rømmegraut og spekemat. Pris 250 kr

Søndag 23. august

Kystsogedag – Tema kultur og friluftsliv

Kl 11 Kulturminnevandring til Hovda. Start ved vegen til sjøhuset.

Kl 12.30 Servering av hjortagryte, heimebakst i Sjøhuset. Lokale utstillarar.

Kl 14.30 Gudsteneste

Arr. Sveio Gullforening

Familiedag på kaien i Førde

Søndag 30. august kl 12 - 16.

Familiedag på kaien i Førde kl 12 - 16. Kafe, konsert, kapproing, veteranbåtar, Elias-båt, hoppeslott og klovn.

På kaien blir det sal av tradisjonell kystmat som grilla kvalkjøtt, lubbesild, og salg av vaflar, kaffi og saft. Kaien AS som driv kafeen vil halde ope med sal av middag og kaffi. Vetetanbåtar er særskilt velkomne, og fleire har alt meldt at dei kjem

Arr. Sveio kystlag/Felleskristen komite i Sveio.
Finn-fram-dagen på Strando – friluftaktivitetar.
Arr. Sveio O-lag/friluftorganisasjonane



Adm. senter: Rosendal
Fylke: Hordaland
Areal: 1137 km²
Folketal pr 1.1.15: 13 234
www.kvinnherad.kommune.no

Kvinnherad ligg midt i Hardangerfjorden, Noregs nest lengste fjord (179 km). Hardangerfjorden vert ofte kalla *Dronninga blant dei norske fjordane*.

I den sørlege delen av kommunen finn ein det typiske vestnorske fjordlandskapet. Ein liten flik av kommunen ligg på vestsida av fjorden. Halsnøy er den mest folkerike øya i kommunen. Her finn du mellom anna Halsnøy kloster. I dag har øya fastlandsforbindelse via den undersjøiske Halsnøytunnelen. www.visitsunnhordland.no.

PROGRAM

Museumdag på Bygdetunet Rød

Uskedalen, søndag 23. august kl 14 -17.

Gudsteneste i Røykstova. Jubileumsåret 2015: Om trefningane på Rød april 1940. Konsert. Styltemeisterskap og andre aktivitetar

Kystkulturdag på Bergslagen

Sunde, laurdag 5. september.

kl 10 – 14: Open vervadag Forfattar Lars Amund Vaage fortel om bestefaren Ragnvald Vaag. Kafe. Farty og aktivitetar

Kl 19: Bideet på Sago v/ Solheimsgutane.

Nytt grindabygg!

Valen Onsdag 9. september kl 18.

Kvinnherad kystlag markerer at nytt grindverksbygg er ferdig. Markeringa er i Naustet og naustbakken ved båthamna på Valen.

Det vert fokus på kulturvern, grindverksbygg, og rastahelletak og vern gjennom bruk. Musikkinnslag og enkel servering. Arr. Kvinnherad kystlag

Kystkulturkveld på Halsnøy Kloster

Torsdag 10. september kl 18.30.

Forteljeframsyninga *Anna Gyria*. Byggjer på Johannes Heggland sin romanserie *Brødet frå havet*. Forteljing: Johanne Øvstebø Tvedten. Saksofon: Ole Jakob Hystad. Kaffi og kaker. Bill.: 200,-

Kulturminnedagen 2015

Stad og arrangør: Ikkje bestemt Tid: 12. – 20. september Tema: Nabolag – menneske, kulturminne og historie.

Museum og Galleri

Her finn du oversikt over museum og galleri som har utstillingar i løpet av Kystsogeveke. Her er kontaktinformasjon og nettsadressar.

Fjell festning, Museum Vest

Festningsanlegget bygd av den tyske okkupasjonsmakta for å sikre innseglinga til Bergen. Fjell festning er freda som eit militært kulturminne, ope for publikum, ma med kanonbrønne som fungerer som kafe/forsamlingslokale. Ope: Sun kl 11-17. Omvising etter avtale fjell@museumvest.no, www.museumvest.no.

Galleri Mjøs vågen, Hosanger på Osterøy

Open kafe, galleri, galleributikk, treskoverkstad, retro/redesign salsutstilling, Markakunstløype m.m. Arr Vener av Mjøs vågen gallerimjosvagen.no.

Gullgruvene ved Lykling, Bømlo

Gullgruvene var på siste del av 1800-talet sentrum for eit gullrush utan sidestykke i Noreg. Til saman vart det funne om lag 140 kilo reint gull her.

Galleri Rustica, Meland

Galleri Rustica er ei over 100 år gamal grindløe som ligg på Holmeknappen på Holsnøy ved Herdla fjorden. I tillegg til galleriet (både amatør- og profesjonelle kunstnarar), arrangerer vi ulike kulturtilstellingar, som konsertar og føredrag/opplesingar, og møte og kurs for både skular, barnehagar, lag og foreiningar. Tlf 99 16 92 81, www.gallerirustica.no.

Havrå tunet, Museumssenteret i Hordaland

Garden Havrå på Osterøy er freda som kulturmiljø, og er eit unikt minne om gardsdrift, byggjeskikk og arbeidsliv på dei mangbølte vestlandsgardane. Alle søndagar juni-sept kl 12-15. Omvising kl 12 og 13.30. I skulane si ferie tys og ons: kl 12-15. Omvising kl 12 og 13.30. Utanom opningstidene ope etter avtale. Det er ikkje lov å gå aleine i tunet www.muho.no

Herdla Museum, Museum Vest

Herdla i Askøy. Guidet tur til Torpedobatteri sun kl 13 og 15. Ope: 1. juni – 14. august alle dagar kl 12-17. 15. august – 30. november: sun kl 12-17. Elles etter avtale. Tlf 56 14 51 50 herdla@museumvest.no, www.museumvest.no.

Holmestova og Sjøbua, Holmeknappen

Meland, Holmeknappen i juli og august, ope kvar sun kl 14 – 18. Ope under kystsogedagane. Andre tidspunkt, kontakt Meland kommune, tlf. 56 17 10 00 sentralen@meland.kommune.no eller www.meland.kommune.no

Hordamuseet, Bymuseet i Bergen

Hordamuseet skildrar levevilkåra til folk som har budd i Nord- og Midhordland. Museet ligg idyllisk til inst i Fana fjorden, like nedanfor Stend vid skule. Båthallen huser 26 klinkbygde opne trebåtar kvar med si historie. Ope: tys-fre 12-15, sun 12-16. laur og mån stengt. I juni/juli/august kan ein møte museumsvert i tradisjonelle klede i arbeid på uteområde eller innomhus. Omvising i husa. Kafe og museumsbutikk. Utanom opningstida etter avtale. Tlf 47 979590/81, hordamuseet@bymuseet.no Hordnesveien 24, 5344 Fana. www.bymuseet.no.

Jättsegelane frå Tysnes

Utstilling om jättsegelane frå Tysnes, som i perioden 1900-1940 markerte seg sterkt i amerikansk seglsport. Mange tysnesingar fekk til og med oppleve å vinna Americas Cup. Utstillinga i Flytenaustet i Våge.

Klostertunet på Halsnøy

Ruinane etter eit Augustinerkloster bygd kring 1300. Det har vore klosterdrift på staden heilt sida 1100-talet. Klosteret er ope for besøk tys, ons og tor, året rundt, med utvida opningstider i sommarsesongen. www.sunnhordland.museum.no.

Kulleseidkanalen Bømlo

På kanalkanten i Finnås ligg Canalvogterboligen frå 1856 og Telegrafan frå 1857. Begge er i dag museum som viser det viktige og gigantiske arbeidet med Kanalen og den tids telegrafi og seinare telefonutvikling som betydde så mykje for fiskeria.

Kvamsdals farger, Sandnes i Masfjorden

Utstillinga i Kvamsdals farger vitnar om 60 års industrihistorie. Det meste av inventaret i fargeriet er intakt og står slik det stod då det vart lagt ned i 1954. Ope sommar fre-sun 13-17 Masfjorden båt- og sjøbrukssamling. Nothuset på Sandnes. Tradisjonelle bruksbåtar og sjøbruksreiskapar frå heile kommunen. Nothuset på Sandnes er bygd kring 1880. Ope sommar fre - sun 13-17. Guida omvisingar, tlf 56 16 62 00 www.masfjorden.kommune.no

Kystmuseet i Øygarden, Museum Vest

Museet presenterar livsvilkår og ressurshistorie i eit typisk kystområde gjennom 10 000 år, med særleg vekt på energiutnytting. Faste og skiftande utstillingar. Museumskafe mai – 31. august: mån – fre kl 11-16, laur stengt, sun kl 12-17. Sept – 31. okt sun 12-17. Elles etter avtale. Oen 5337 Rong. Tlf 56 38 50 50, kystmuseet@museumvest.no, museumvest.no.

Lynghesenteret, Museumssenteret i Hordaland

Lynghesenteret på Lygra i Nordhordland er oppretta for å ta vare på kysten sitt kulturlandskap og for å hegna om den kunnskapen og dei tradisjonane som knyt seg til bruken av dette landskapet. Opningstider Infobygget til 30. sept: ons -tors-fredag 11 -15.30, søndag 12 -17. Grupper etter avtale heile året. Tlf 95158756, post@lynghesenteret.no, www.lynghesenteret.no

Nordsjøfartmuseet, Museum Vest

Utstillingar om Telavågtragedien, Nordsjøfarten og Shetlands-Larsen. I tillegg er det skiftande utstillingar. Opningstider, mai -aug: mån - laur kl 11-16, sun kl 12-17. Sept - okt : sun kl 12-17. Elles etter avtale. *Virtuell vandring i Telavåg* Har du ein smarttelefon kan du laste ned ein app, og få ein guida tur i bygda som vart utsletta av nazistane våren 1942. Tlf 56 32 74 40, nordsjøfartmuseet@museumvest.no www.museumvest.no

Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland

Bli med omvising i gamle Salhus Tricotagefabrik (1859-1989). Filmen der tidlegare arbeidarar fortel om korleis det var å jobba her. Museumsbutikk og enkel kafe. Ope sommar: tys - fre kl 12-17, sun kl 12-17, frå sept tys- fre 11-15, sun 12-17. www.muho.no

Osterøy museum, Museumssenteret i Hordaland

Eit kulturhistorisk museum for Osterøy og dei næraste bygdene. Kafe. Ope tys - fre kl 10-15 i juli 10-17 Sun (juni - september): 12-17. Elles etter avtale. Skuleferieaktivitetar kvar ons i juli 12-15. Gjerstad 5282 Lonevåg Tlf 56 19 34 40, www.muho.no

Ryvarden Galleri og fyr

Opningstider: Alle sun- og helgedagar kl 11-16. Mølstrevåg, 5559 Sveio, tlf 53748000 ryvarden@sveio.kommune.no www.ryvarden.no

Sellevåg Treskofabrikk

Sellevåg i Gulen. Tradisjonsrikt i miljø for produksjon av tresko. Omvising etter avtale for einskildpersonar, grupper og lag. Kontakt Magne Sellevåg, tlf 57 78 36 59/909 82 235

Stord Maritime Museum

Trygve og Gunnar Oma, som begge arbeidde ved Oma båtbyggeri, tok initiativet til ei motorsamling som no står utstilt i Hamnebygget på Leirvik Brygge på Stord. I tillegg syner museet ei utstilling utviklinga av Leirvik hamn og industrien i området. Museet er ope kvar tys heile året, med utvida opningstider i sommarsesongen. www.sunnhordland.museum.no

Sunnhordland Museum

Minne og forteljingar frå Sunnhordland si fortid. Møt miljø og gjenstandar du mest hadde gløymt, minne frå forhistorisk tid, klosterruinar frå mellomalderen, eller minne frå nyare kystkultur og industrisoge. Avdelingar ma. Sunnhordlandstunet på Leirvik og Stord maritime museum. Stord Maritime Museum på Leirvik Brygge har utstillingar og aktivitetar for små og store. Museumsbakken, 5417 Stord. Tlf 53 41 38 99, sunnhordland.museum.no

Tusenårsstaden Gulatinget

Tingstaden er open for publikum heile året. Det er omvising for grupper på Tusenårsstaden og i Eivindvik etter avtale. Tlf 57782006, gulatinget@gulen.kommune.no, www.gulatinget.no.

Vestnorsk Utvandringssenter

Stad: Mellingen, Sletta på Radøy. Emigrasjonshistoria, som sette slikt preg på landet vårt, kan opplevast gjennom film, forteljing, dokumentasjon og vandring i eit tilnærma autentisk miljø med dei mest karakteristiske og sentrale bygningane frå småsamfunna som vart etablert. Ope etter avtale 10.5.-14.6.: laur - sun 12-15, 16.6.-23.08: tys - fre 12-17 og lau- sun 12-15, mån stengt. Elles etter avtale heile året. vestnorsk.utvandringssenter@muho.no, www.muho.no.

Vedholmen Galleri

Med utsikt til isbreen *Folgefonna* i Hardanger, og Strøno/Lepsøy ved innseilingen til Bjørnefjorden, rett ved bryggenkanten, ligger Vedholmen Galleri, Røttingavegen 23, 5216 Lepsøy. Tlf 97138119. Åpningstider: Torsdager kl 16-20. Fre, lørd, sønd. kl.12-16. www.vedholmen-galleri.com.

Det geografiske området for kystsogevekene er 22 kommunar frå Sveio i sør til Gulen i nord. Motivet i kommunevåpenet står for kommunen sin historiske eigenart og bakgrunn.

Kommuneoversikt Kystsogevekene



	Askøy	»
	Austevoll	»
	Austrheim	»
	Bergen	»
	Bømlo	»
	Fedje	»
	Fitjar	»
	Fjell	»
	Fusa	»
	Gulen	»
	Kvinnherad	»
	Lindås	»
	Masfjorden	»
	Meland	»
	Os	»
	Osterøy	»
	Radøy	»
	Stord	»
	Sund	»
	Sveio	»
	Tysnes	»
	Øygarden	»

Kystsogevekene er allsidig

som det skiftande veret på Vestlandet. Folk i 22 kommunar byr stolt fram kystkulturen fram i ny og gamal form. På over 200 ulike arrangement yrar det av glade og nøgde menneske i alle aldrar, i alt slags ver, i all slags lokale og arenaer.

Kystsogevekene vert i år

arrangert for 19. gang, og målet er å fremme kystkultur. Bak dei ulike kulturelle tiltaka står ei stor mengd lokale eldsjeler som ønskjer å formidle sin eigenart og sine tradisjonar. Her kan ein oppleve båtturar, aktivitetar, konsertar, festivalar, føredrag, kulturvandringar, marknader og utstillingar. Kvart einskild kulturarrangement er sjølvstendig, samstundes som det inngår under paraplyen Kystsogevekene.

Stiftinga Kystsogevekene

samordnar Kystsogevekene som finn stad kvart år i august og september. Kystsogevekene er eit samarbeid mellom 22 kommunar i Hordaland og Gulen, og Hordaland fylkeskommune. Hordaland fylkeskommune er Stiftinga Kystsogevekene sin viktigaste økonomiske støttespelar.

For meir informasjon og avtaler kontakt:

Stiftinga Kystsogevekene,
postboks 7900,
5020 BERGEN
Tlf: 55 23 91 73

Epost: kystsogevekene@hfk.no
nett: www.kystsogevekene.no
[Instagram.com/kystsogevekene](https://www.instagram.com/kystsogevekene)
#kystsoge



www.kystsogevekene.no

Få dei siste oppdateringane før arrangementa på www.facebook.com/kystsogevekene